

# Nasjonale minoriteter



Frå Kvæntunet. Foto: Terje Aronsen

## Glomdalsmuseet

Satsinga på kulturen til romani-folket har frå Kulturdepartementet si side vore bunden opp mot eit prosjekt ved Glomdalsmuseet. Norsk museumsutvikling har gjennom fleire år ytt prosjektstøtte til dette tiltaket. I budsjettproposisjonen for 2002 foreslår Kulturdepartementet 4 mill. kroner til prosjektering av senteret. Det er planar om å byggje om ein tidlegare danserestaurant frå 1960, som museet eig, og knyte den til noverande museumsbygning med eit mellombygg. Dette vil utgjere eit areal på til saman 2000 m<sup>2</sup>. Departementet legg til grunn ein kostnadsramme på 50 mill. kroner. Sannsynleg byggjeart er sommaren 2003. Glomdalsmuseet på Elverum har arbeidd med planar om å skipe eit kulturhistorisk dokumentasjons- og formidlingssenter for kulturen til romanifolket i Noreg. Senteret skal bli ei ny avdeling ved museet. Siktemålet er å dokumentere og formidle historia og kulturen til eit folk

som har budd i Noreg i fleire hundre år, men som i liten grad har vore påakta i positiv mening. Den planlagde utstillinga skal fokusere på historia til romanifolket og deira eigen kultur, medan ein mindre del av utstillinga vil dreie seg om stor-samfunnet sine holdningar til og tiltak overfor denne minoriteten. Museet vil få fram kva ein minoritet er, og medverke til auka medvit om overgrep og undertrykking og auka toleranse og forståing for det som er anleis.

Informasjonsbrevet utgis av: Kommunal- og regionaldepartementet Same- og minoritetspolitisk avdeling  
Ansvarlig redaktør: Petter J. Drefvelin  
Postboks 8112 Dep, 0032 Oslo  
Tlf. 22 24 71 75, fax 22 24 95 38  
Design www.kursiv.no  
Trykk: www.kursiv.no  
Opplag: 3000

Abonnement på informasjonsbrevet er gratis. For abonnement kontakt [astrid.thiruselvam@krd.dep.no](mailto:astrid.thiruselvam@krd.dep.no) tlf. 22 24 71 75

Informasjonsbrevet finnes også i elektronisk form på <http://odin.dep.no/krd/norsk/publ/periodika/>

## Kvæntunet - senter for kvensk språk og kultur

Porsanger kommune har initiert planane for Kvæntunet i bygda Børselv, eit lokalsamfunn der kvensk språk og kultur framleis er levande. Kulturdepartementet har i forslag til statsbudsjett foreslått finansiering av Kvæntunet, gjennom eit samla tilskot på 12 mill. kroner. Av dette blir det gjort framlegg om 1 mill. kroner i statsbudsjettet for 2002 og 11 mill. kroner seinare år. Verksemda ved Kvæntunet gjeld dokumentasjon, bevaring og utvikling av kvensk språk, med hovudvekt på lingvistikk. Institusjonen skal elles arbeide med kulturarrangement og kultursamarbeid. Det er gjort ein avtale mellom Kvæntunet og Vadsø museum - Ruija kvenmuseum om deling av ansvaret for kvenkulturen i Finnmark. Prosjektet er todelt. Dels er det tale om å føre opp to tun med bygningar som skal vise kvensk tunskipnad og levemåte i eldre tid. Den første av bygningane er alt oppført. I tillegg er det planar om å føre opp ein bygning som skal vere det faglege, administrative og aktivitetmessige senteret i Kvæntunet.



Frå venstre: Politisk rådgiver Roger Iversen, statssekretær Kristin Ørmen Johnsen, statssekretær Morten Andreas Meyer, statsråd Erna Solberg, statssekretær Anders J. H. Eira

## Ny politisk ledelse i KRD

Den nye regjeringen vil videreføre hovedlinjene i politikken overfor nasjonale minoriteter. Behandlingen av St.meld.nr.15 (2000-2001) Nasjonale minoriteter i Noreg viste at det er bred enighet i Stortinget om politikken overfor disse gruppene.

I Regjeringens tiltredelseserklæring av 23. oktober 2001 heter det:  
– Samarbeidsregjeringen ønsker å være en regjering for alle landets innbyggere,

uansett tro, hudfarge, seksuell legning og etnisk bakgrunn. Tiltredelseserklæringen bygger på Sem-erklæringen av 11. oktober 2001. Der heter det bl.a.:

– *Mennesket har både materielle og åndelige behov, som er ulike fra person til person. I dagens samfunn finnes det et mangfold av kulturelle uttrykksformer, verdissyn og livssyn, religiøse og ideologiske ståsted.*  
– *Samarbeidsregjeringen vil føre en politikk som verner om*

retten til og øker respekten for det å være annerledes og tenke annerledes. Derfor vil Samarbeidsregjeringen føre en kultur- og kunnskapspolitikk som gjør hver enkelt trygg på egen og andre menneskers personlige og kulturelle identitet.

Videre heter det:  
– *Samarbeidsregjeringen vil [...]føre en kulturpolitikk som styrker våre kulturelle røtter og motvirker kulturell flatning.*



## Ny statsråd

Ny statsråd i Kommunal- og regionaldepartementet er Erna Solberg fra Høyre. Solberg blir dermed politisk ansvarlig for samordningen av politikken overfor de nasjonale minoriteter. Solberg satt i Stortingets kommunalkomité (1997-2001), og deltok dermed i komitébehandlingen av St.meld.nr.15 (2000-2001) Nasjonale minoriteter i Noreg.

Statsråden sier at hennes deltakelse i behandlingen av stortingsmeldingen har gitt henne verdifull innsikt i politikkområdet.

### Politikk overfor nasjonale minoriteter - av Erna Solberg

Ved fremleggelsen av stortingsmeldingen om nasjonale minoriteter, beklaget den daværende kommunalministeren norske

myndigheters behandling av flere nasjonale minoriteter. Min oppgave blir å omsette denne klare beklagelsen til en fremtidsrettet politikk som gir rom og respekt for de ulike minoriteters kultur og tradisjon. Samtidig skal vi holde historien i hevd, slik at kunnskapen om de overgrep som skjedde blir formidlet til nye generasjoner. Forhåpentligvis vil det gi et verdimelessig grunnlag med respekt for hvert enkelt individ i vårt

land, uansett etnisk og kulturell bakgrunn. Det er samtidig viktig for barn av minoritetsgrupper å ha kunnskap om og føle stolthet over sin etniske bakgrunn. Norges håndtering av politikkområdet vil også gi en viktig signaleffekt utad. Dette gjelder også i forhold til hvordan inngåtte internasjonale avtaler oppfølges, og om hvordan nasjonal politikk forankres i menneskerettighetene.

## Statsråd Sylva Brustad åpnet utstillingen «Wergelands Barn» på Norsk Folkemuseum

150-års jubileet for avskaffelsen av jødeparagrafen i § 2 i Grunnloven ble markert ved en tilstelning på Norsk Folkemuseum mandag 24. september. Dette skjedde i den samme gamle Stortingssalen hvor paragrafen i sin tid ble avskaffet. I sin åpningstale slo statsråden fast at jødisk kultur en er en del av vår felles kulturelle ballast gjennom den innflytelsen den

har hatt på europeisk kultur, kunst, vitenskap og religion. Samtidig påpekte statsråden at norske myndigheters behandling av jødene under krigen må bli en del av vårt kollektive minne. Behandlingen av jødene i Norge må ikke forties eller glemmes når krigshistorien skal skrives. Statsråden avsluttet med å si at et europeisk land uten et jødisk miljø er et kulturelt fattigere land (<http://www.dep.no/odinarkiv/norsk/dep/krd/2001/taler/>). Til stede ved markeringen var foruten statsråd Brustad også stortingspresident Kirsti Kolle Grøndahl, høyesterettsjustitiarius Carsten Smith og forstander for Det Mosaiske Trossamfunn i Oslo Rolf Kirschner.

De tok alle for seg Henrik Wergeland sin rolle i motstanden mot jødeparagrafen. Hans innsats er fremtredende i jubileet og har blant annet gitt navn til utstillingen som statsråd Brustad åpnet.



Foto: Sissel Mossing

## Ny statssekretær



Ny statssekretær i Kommunal- og regionaldepartementet, ansvarlig for same- og minoritetspolitiske saker, er Anders J. H. Eira (30) fra Kautokeino. Eira er siviløkonom fra Norges Handelshøyskole i Bergen, og har i tillegg utdannelse fra det internasjonale utdanningsenteret for urfolk, Nuuk på Grønland, og agronomutdannelse fra Statens reindriftsskole i Kautokeino.

Eira gleder seg til å jobbe med nasjonale minoriteter: -Min første utfordring blir å skape grunnlaget for en god dialog. Jeg ønsker derfor snarest mulig å møte representanter for de ulike minoritetene, sier Eira.

## Om den europeiske pakta om region- eller minoritetspråk

I Noreg er det samisk, kvensk/finsk, romanes og romani som blir rekna for å vere region- eller minoritetspråk. Del II i pakta, som gjeld for alle dei nemnde språk, fastset ei rekke viktige formål og prinsipp når det gjeld statane si plikt til å verne om minoritetspråka. For Noreg er kapittel III i pakta berre gjeve verknad for samisk ved ratifikasjonen. Pakta blei vedteken i 1992 og tok til å gjelde 1. mars 1998. Noreg er blant dei 15 statane som har ratifisert pakta (per oktober 2001).

<http://conventions.coe.int/Treaty/en/Treaties/Html/148.htm> Periodevis skal partane leggje fram ein rapport om den politikken som er ført i samsvar med pakta. Noreg la fram sin første rapport i mai 1999. Rapportane ska granskast av ein ekspertkomité frå Europarådet. I samband med granskinga av Noreg sin rapport besøkte ekspertkomiteen Noreg i september 2000. Der hadde dei samtalar med representantar for dei ulike

minoritetane, Sametinget og styresmaktene. Ekspertkomiteen vedtok ein rapport om Noreg si oppfølging av pakta 1. juni 2001. Rapporten er grunnlaget for og inneheld forslag til tilrådingar frå Ministerkomiteen. Rapporten vil bli lagd fram for Ministerkomiteen saman med norske styresmakter sine kommentarar til denne. Norske styresmakter tek sikte på å offentliggjere ekspertkomiteen sin rapport når den er ferdigbehandla av Ministerkomiteen. Norges neste rapport må leggjast fram for Generalsekretæren i Europarådet våren 2002. Arbeidet med den nye rapporten har allereie starta. I august gjekk det ut brev til alle departementa der dei blei bedne om å rapportere om oppfølginga av pakta på deira ansvarsområde. Sametinget og dei relevante nasjonale minoritetane er også inviterte til å kome med innspel til rapporten.



### Rammekonvensjonen om nasjonale minoriteter

Noreg har og levert den første rapporten om oppfølginga av Rammekonvensjonen om nasjonale minoritetar. Rapporten ble overlevert til Europarådet 3. mars 2001, og blir no granska av ein rådgivande komité for Ministerkomiteen i Europarådet. Komiteen vil etterkvart sjølv ta kontakt med representantar for dei nasjonale minoritetane for å be om deira syn på situasjonen i Noreg.

<http://www.dep.no/archive/krdvedlegg/01/07/europ023.pdf>

## Statsbudsjettet 2002

Samarbeidsregjeringen gjorde ingen endringer i budsjettforslaget angående nasjonale minoriteter i forhold til Stoltenberg-regjeringens forslag. Vi vil trekke fram følgende fra budsjettforslaget:

- Kirke-, utdannings- og forskningsdepartementet har en egen tilskuddsordning for opplæring i finsk i grunnskolen og i videregående opplæring. Målet for denne ordningen er å legge til rette for at kommuner i

Troms og Finnmark kan gi elever i grunnskolen med kvensk/finsk bakgrunn opplæring i finsk som andrespråk, hjelpe til med å styrke lærernes kompetanse i finsk, og å stimulere fylkeskommunen til å gi opplæring i finsk på videregående nivå. Det er satt av om lag 7,1 mill. kr til dette formålet.

- Støtten til den kvenske avisen Ruijan Kaiku videreføres på samme nivå som i 2001 med 350 000 kr.



### Ny avdeling i KR D

Kommunal- og regionaldepartementets arbeid med de nasjonale minoriteter er fra 15. juni 2001 organisert i den nye Same- og minoritetspolitiske avdeling. Bakgrunnen for opprettelsen er at det har vært nødvendig med økt oppmerksomhet rundt samepolitikken og politikken overfor nasjonale minoriteter. Avdelingen er fra 8. oktober ledet av ekspedisjonssjef Petter Drefvelin. Avdelingen skal ha 11-13 ansatte.